

Referat frå foreldremøte til 5. klasse ved Austebrygd skule

måndag 25. september 2017 kl. 18:00-20:30.

Frammøtte: Silvia Beate Mellingen, Linda Angelskår, Johnny Ystebø, Monika Sikora, Angelika Zelachowska

Informasjon frå skulen

*Elin fortalte om vennskap og tonen mellom elevane i 5. klasse no i haust. Dei arbeider med «Mitt val» programmet saman med 6. klasse og Linn Merethe. Elles har dei samtalar med kontaktlærar ved behov. Elin tar telefonkontakt viss ho treng snakka med dei føresette. Foreldra foreslo at dei kan gjera saker saman med elevane for at dei skal ha det kjekt i lag alle. Dei sa det var viktig at alle er med alle etter tur på fritida og at ingen vert utestengde frå dei andre.

Elin informerte om den nye «Fråværsplanen for skulane i Radøy kommune». Den finn de til å lesa på Radøy kommune si nettside. Hovudinnehaldet er at skulen er pålagt å reagera tidleg på timer/dagar med fråvær hjå elevar. Det er påvist at vanar om fråvær frå skulen startar så tidleg som i 3. klasse. Det er vist at det er samanheng mellom dette og elevar som ikkje gjennomfører vidaregåande skule. Dette er eit førebyggjande tiltak for å fanga opp vanskar og sikra at alle har det trygt og godt i skulekvardagen.

Elin viste til kompetansekrava i symjing for 4. klasse. Elevane har litt att før dei er i mål, så dei må øva godt på å symja lengder i haust. Dei har berre 10 gonger symjing i skuletida, så Elin oppfordra til øving på fritida, gjerne reisa fleire born saman med ein voksen som ein felles aktivitet.

Elin fortalte om turen til Kviste og Boga då borna vart så våte. Det er viktig at elevane har gode yttertøy og sko når me skal på turar. Også i friminuttane må dei ha jakke mot regnet slik at dei ikkje sit med våte gensarar i klasserommet. Det vert svært dårlig inneluft då. Dette er ein del av ordensreglane våre.

Trafikktryggleik ved skulen er viktig for borna våre. Vaktene ser nokre farlege trafikksituasjonar rundt bussane og ved henting av barn. Foreldra foreslo at alle ventar på parkeringslommene til alle elevane er inne i bilane før nokon kører. Ikkje stå i utkørselen når borna går inn i bilen.

Elin delte ut skulen sin aktivitetsplan 2017-18.

Elin informerte om innhaldet i lesevake for elevane i 5.-7. klasse torsdag 5. oktober. Dei skal lese bøker, sjå film, ete pizza og frukost og sove i gymsalen. Dei har fri etter frukost fredag 06.10.17.

Elin viste til årsplanar i faga som er lagt ut på foreldresida til It's learning.
Logg inn med **Brukarnamn: 5.trinn Passord: 5klasse**

Det vert nasjonale prøvar for 5. kl. etter haustferien. Engelsk i veke 42. Lesing og rekning i veke 43-44. Det er øvingsoppgåver på [udir.no](#) Direkte linkar til desse kjem på vekeplanane.

Helsesøster har fast tid på skulen annankvar måndag. Ho har eit fast program med samtaler og vaksiner. Utanom det kan elevar ta kontakt viss dei vil snakka med helsesøster.

Telefonlista for foreldre vart sendt rundt og foreldra gjorde naudsynte endringar på mobilnummer og epostadresser.

Elin spurde om alle kjem inn på VISMA skole om eleven? Alle som var der bekrefta det

Og på foreldresida til It's learning? **Brukarnamn: 5.trinn Passord: 5klasse**

*Drøftingar

Det er eit spørsmål frå foreldreundersøkinga i fjor. Får de god og nok informasjon frå skulen til heimane? Foreldra var nøgde med kontakten. Dei synest dei får god informasjon om fag, eleven og arrangement. Dei set pris på telefonkontakten til heimen når noko har skjedd som dei treng å vite, så det er viktig å halda fram med. Når foreldre ringjer om fråvær for eleven, er det viktig at kontaktlærar får denne informasjonen direkte til seg.

5. klasse foreldra har ansvar for å planleggja 17. mai. Dei bestemte å ha første planleggingsmøte tysdag 6. februar. Det var eit forslag om å møtast heime hjå nokon. Dei vil lage ei foreldregruppe på f. Det vert nærmare avtalar der, så følg med.

Foreldra delte synspunkt om bruk av snapchat. Dei var einige om at foreldra må setja grenser og følgja godt med på telefonar, logger og kontaktlistene til borna. Samtalar heime om gode haldningar og god framferd både på nettet og i kvardagen, må skje heile tida.

referent Elin Nøttveit